

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
29.10.2025

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Anny Bertelsen,

Varmedlemer: Linda Skålevik Syslak, Inger-Anne Austrheim, Hege Ramsland

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland

Kyrkjeverja: Jostein Hauge

Sokneprest:

Meldt forfall: Toril Hordvik, Linda Brandtun, Inger Synnevåg, Gerd Solheim, Helge Dyrkolbotn

Møtte ikkje: .Randi K. Dyrøy

Saker til førehaving:

F – 35/25 – 34/25

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 35/25 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak: Godkjent utan merknader

F – 36/25 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak: Hanne Daae og Terje Håland

F – 37/25 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 10.SEPTEMBER 2025

Vedtak: Godkjent med merknad knytt til møtte medlemmer

F – 38/25 ORIENTERING;

- Me treng fleire faste gjevarar. No er det trykt opp annonse med QR kode i Kyrkjebakken. Der kjem det opp forslag om 250kr mnd i fast trekk, men det kan endrast i Vippsen.
- Framdrift namna minnelund. Det er bestilt blomar og buskar frå Gimle planteskule som vert levert våren 2026. Kyrkjevevje skal avtale levering av stål no som plantane er bekrefte.

F – 39/25 ØKONOMI OG BUDSJETT 2026

Bakgrunn:

Kyrkjevevje har vore til budsjettsamtale med kommunalsjef Trine Jansen. Det var eit ønske om å gå ned i overføring til kyrkja, men det vart halde på same overføring som 2025 i 2026. Dette er i tråd med kommunestyrevedtaket i juni. Kronesum for rammeoverføringa er kr 4.000.000, noko som vil sei at det ikkje vert kompensert for lønns og prisvekst. Det vert mindre i investeringsbudsjett enn tidlegare. Det som ligg inne er kr 150.000. No har me kr 500.000 i investering for 2025 som skal gå til namna minnelund. Investeringsbudsjett for 2026 vil gå til namna minnelund også. I tillegg har me tatt opp ekstra lån som skal gå til oppussing av våpenhus. Kyrkjevevje ynskjer ikkje setje i gong med det prosjektet før me har alle kostnadane til namna minnelund på plass. Kyrkjevevje har tatt kontakt med Gamle3hus. Eit firma som spesialiserar seg på gamle trehus og har eige snikkarverkstad på Fammestad. Dei skal kome på befaring og kome med kostnadsoverslag på m.a nye dører. Budsjettet for 2026 er ikkje i hamn enno. Jostein Hauge og Evy Uthaug jobbar med det slik at det kan bli lagt fram for godkjenning neste soknerådsmøte. Det vert lagt opp til at både trusopplærar og organist skal ha satt av eigne budsjettpostar slik at dei veit kva økonomiske rammer dei har til rådighet.

Vedtak: Arbeid med minnelund skal avsluttast før ein startar arbeidet med renovering av våpenhuset. Forprosjekt knytt til renovering av våpenhus kan starta opp no.

F – 40/2025 KYRKJEGARDSARBEIDAR

Bakgrunn:

Kyrkjegardsarbeidar Stein-Olaf Jordal har meldt frå at han ynskjer å pensjonere seg frå 01.april. Soknet må lyse ut stillinga hans, og me ynskjer å ha den klar til midten av november. Kyrkjeverje er i dialog med kommunen om både fordelinga me har per i dag, og om ynskje frå teknisk etat om å tilsette anleggsgartnar. Skal det bli ei annan ordning enn i dag må soknet sørgje for at våre behov vert dekkja. Det er og ein fare for at den 20% delen som kommunen dekkar vert tatt vekk. Då må soknet lyse ut 80% stilling.

Vedtak: Soknerådet ønsker å vidareføra stillinga som den er i dag i samarbeid med kommunen. Dersom kommunen ikkje vil vidareføra samarbeidet lyser vi ut i 80% stilling.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
29.10.2025

Tilstades på møtet

Medlemmer: : Hanne Daae, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim, Terje Håland, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn

Varamedlemmer: Linda Skålevik Syslak, Inger-Anne Austrheim, Hege Ramsland

Andre:

Kyrkjeverja: Jostein Hauge

Sokneprest:

Møtte ikkje: Randi K. Dyrøy

Meldt forfall: Toril Hordvik, Linda Brandtun, Inger Synnevåg, Gerd Solheim, Helge Dyrkolbotn

S – 10/2025 OFFER TIL EIGE ARBEID OG TIL EKSTERNE

- Kyrkja samlar inn offer i gudstenestene gjennom året. Det er mange forskjellige som ynskjer å få offer, men det er og blitt eit større behov å samle inn pengar til eige arbeid i soknet. Det er stram økonomisk styring, så meir pengar inn vil hjelpe til å drive arbeidet vårt.

Vedtak:

Austrheim kyrkje vil gi offer til eksterne på julafta, 1.påskedag og 17.mai. Vi gir også til misjonsprosjektet vårt i Mali. Elles i året vil offer gå til kyrkjelydsarbeidet.

S – 09/2025 LITURGI I GUDSTENESTA – **Saka vart utsett til neste soknerådsmøte**

Bakgrunn:

Sidan me vedtok førre revidering av liturgien er det kome nye prest og ny organist. Det er blitt gjort nokre endringar i liturgien særleg når det gjeld kyrie og gloria. Her er me gått tilbake til 1977 varianten. Skal me ha ei ny revisjon av normalliturgien ved gudsteneste?

Vedtak: